



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 17.04.2026

Vår ref.: 201307468-54 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om om Urdelva kraftverk i Vestnes kommune i Møre og Romsdal fylke

Søknad om å bygge Urdelva kraftverk har tidlegare vore på høring 29.01.2024-15.03.2024. NVE har fått ein søknad frå Locus Hydro Prosjekt AS, datert 16.04.2026, med endra planer. Den endra søknaden blir send på ny høring med høringsfrist 08.06.2026. Etter NVE si vurdering krevst det ikkje kunngjering og brei offentleg høring av den endra søknaden om å bygge Urdelva kraftverk. Søknaden blir difor send på høring til dei som tidlegare har uttalt seg til saka.

Kva blir det søkt om?

NVE avsto søknad om å bygge Urdelva kraftverk i 2018. Søkjar har i etterkant sendt inn ny søknad og utarbeidd fleire alternative utbyggingsløyningar. Etter førre høring i 2024 har søkjar endra prosjektet for å ta omsyn til innspel som kom fram i fråsegnene.

I denne søknaden har søkjar lagt fram ei alternativ løysing der heile rørtraséen ligg på austsida av Urdelva. Den øvre delen av vassvegen er planlagt som sjakt med retningsbora tunnel for å unngå synlege terrenginngrep. Den nedre delen består av nedgravne røyr som følgjer eksisterande veg fram til kraftstasjonen.

Traséendringa er vald for å redusere konflikt med edellauvskog og terrestriske raudlisteartar, og for å ta vare på viktige leveområde for anadrom fisk. Det er gjennomført oppdatert kartlegging av biologisk mangfald og anadrom strekning langs den nye traséen.

Søknaden og konsekvensutgreiing for naturmangfald er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8517/v.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Det er òg søkt om anleggskonsesjon for høgspentanlegg og nettilknytning av Urdelva kraftverk.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/saksgang-vannressursloven.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8517/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201307468 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201307468 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **08.06.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Vestnes kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Malin Solheim Olsen

rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

STATENS VEGVESEN
VESTNES KOMMUNE
ELINETT AS
TORE TOLLERSRUD

Kopimottakarliste:

BLÅFALL AS - André Aune Bjerke
LOCUS HYDRO PROSJEKT AS